



Tryggheimhelsing



Sirkus
Tryggheim
s. 6



Lesing i
alle fag
s. 8-9



Penge-
galloppen
s. 10

GOD SOMMAR





Den viktigaste faktoren for læring!

Resultata for ungdomsundersøkinga UngData er klare. Dei vart presentert for Hå kommunestyre 14. mai. Tryggheim kjem godt ut. – Dei er så interesserte i oss og gjer så mykje for oss, fortel elevrådsleiar Silje Anett Vestvik til Stavanger Aftenblad.

Positiv og støttande relasjon elev/lærar

Det har lenge vore ein viktig basis for skulearbeidet på Tryggheim at vi ønskjer å skape føresetnader for at kvar enkelt elev, uavhengig av ståstad, meininger og interesser, skal kjenne seg respektert og akseptert.

Dette har vi også jobba litt med denne våren. Vi har blitt minna om at det faktisk er ein direkte effekt mellom det å bli sett, anerkjent, verdsett, respektert og handtert med verdighet på den eine sida og eleven si læring på den andre sida. Det syner seg at samspelet mellom elev og lærar er den desidert viktigaste faktoren for læring. Ein lærar skal difor leie klassen både med kontroll og varme. Han skal utøve autoritet med varme. Dette må gjerne også elevane kjenne til – dei bør vite at dei faktisk nyt godt av det på læringssida - det at lærar og elev er rause og anerkjenner kvarandre og har eit godt tilhøve til kvarandre.

UngData

«Elevane ved Tryggheim vidaregåande skule er eksemplariske, syner ungdomsundersøkinga UngData. Mest ingen røyker, brukar alkohol eller andre rusmiddel. Og 93 prosent er nøgd med venene. Så eksemplariske elevar som på Tryggheim vidaregåande skule, har Eyvind Ohm ikkje sett før», skriv Aftenbladet 16. mai. Ohm arbeider ved Rogaland A-senter og var nylig i Hå kommunestyre for å leggja fram resultata av ungdomsundersøkinga UngData 2013. Den kartlegg oppvekstsituasjonen, livskvalitet, handlingar og haldningar. Vi gler oss med elevane over ros og gode tal for skulekvarden. Biletet er nok samansett, men elevrådsleiar Silje Anett Vestvik seier at ho har hatt ei svært god tid på Tryggheim. Ho trur at særslig interesserte lærarar er ein viktig grunn til det, skriv Aftenbladet. «– Dei er så interesserte i oss og gjer så mykje for oss, fortel ho. – Og dei signaliserer verkeleg at dei er interesserte i oss som personar, ikkje bare faget. Mange kjem fordi dei høyrer at det er godt å vera her. Eg oppfattar at folk

trivst og får seg venner for livet enten dei er kristne eller ikkje.»

Tidenes største studie om læring

Professor John Hattie ved Universitetet i Auckland på New Zealand har gjennom 15 år samla og gjennomgått heile 800 metaanalyser av forskjellige studier av skuleelevar si måloppnåing. Denne studien omfattar heile 83 millionar skuleelevar på verdsbasis. Totalt sett inneholdt forskingsarbeidet 50.000 mindre studiar. Hatties funn har blitt presentert i boka *Visible learning*. Han har ut frå sine funn rangert 138 forskjellige aspekt ved undervisning etter kor effektfulle dei er i høve til elevars læringsutbytte.

Læraren i fokus

Dei tre faktorane som skil seg ut med aller best læringseffekt er alle relatert til læraren. Det er følgjande:

- Tilbakemelding (både frå lærar til elev, frå elev til lærar og frå elev til elev)
- Positiv og støttande relasjon elev/lærar
- Struktur i undervisninga og det å vere tydeleg

Dette er «back to basics», på mange måtar enkel skuleutvikling som er helt gratis som professor Johan From uttrykte det på KristneVGS-samlinga på Holmvatn i april. Det vart ei pedagogisk oppbyggeleg samling med mange friske ytringar frå professoren. No kjem From til Tryggheim i august – dette vil vi ikke sleppe tak i – her er det potensial – dette ønskjer vi å gjøre endå betre.

Eleven åleine

From hadde fokus på eleven. Enkelt-elevens læring skulle vere kjernen i all skuleverksemd. Elevens læring i sentrum. Neste skall er også viktig, skulen sitt pedagogiske læringsmiljø. Dei skjulte variablane som hindrar skuleeffektivitet må ryddast av vegen, heldt From fram. Lærarar er alfa og omega for å auke læringa. Dei må tenke at alle elevane kan nå til topps. Men skular må ikkje stemblas ut frå elevresultat. Gode skular ut frå det er antakeleg like dårlege som dei dårlege skulane. Dei skulane som gjer gull av gråstein – det er dei beste skulane, konkluderte BI-professoren.

Tusen takk for omsorg og forbøn for Tryggheim! De forstår vi har ein dynamisk og spanande skulekvardag! Og vi har framleis eit dobbelt føremål:

- For menneskelivet og for kristenlivet
- For tid og for evighet
- For Norges rike og for Guds rike

Gjermund Viste

Bli med i «Pinsebevegelsen»!



Vi har feiret pinse, kirkens fødselsdag. Vi husker underet som skjedde da disiplene ble fylt av Den Hellige Ånd, og de tok til å forkynne evangeliet på andre tungemål. På den tid bodde det folkeslag fra hele den kjente verden i Jerusalem, og det var også mange tilreisende pilgrimer både fra Nord-Afrika, Arabia og Sør-Europa. (Ap.gj. 2, 1-12).

I Norge i dag har vi en situasjon som på ett område ligner på dette: Mange mennesker som tilhører folkeslag som ikke kjenner evangeliet om Jesus har kommet til oss. Jeg har truffet folk fra Afghanistan, Nord-Korea, Kirgisistan, Irak og Iran – alle fra land hvor det er vanskelig å komme i kontakt med kristne, og forbundet med livsfare å gå over til kristen tro, land som er stengt for vanlig misjonsvirksomhet. Men her i Norge har de fått mulighet til å bli kjent med Jesus gjennom frimodige vitner og inkluderende menigheter og forsamlinger.

Misjonsledelsen vet hvor mye det koster å utdanne, utruste og utsende hele familiær for å reise ut med evangeliet. Dette skal vi fortsette med. Men samtidig skal vi huske at det koster ikke misjonen ett øre å legge til rette for de fremmede som kommer til oss.

Misjonærer vet hvor vanskelig det er å lære et fremmed språk, og ikke minst å vitne og forkynne om Jesus på en forståelig måte på dette språket. De fleste innvandrere gjør store anstrengelser for å lære seg vårt språk for å kunne kommunisere med oss.

En misjonær vet hvor lang tid det går og hvor mye som skal til for å få venner og bygge relasjoner til det folket han skal arbeide i. Innvandrere ønsker seg norske venner, noen å snakke med som kan hjelpe dem å forstå kulturen de lever i.

Vi som har vært misjonærer vet også hvor lang vei det kan være fra når en person blir nysgjerrig på evangeliet, til han våger å stå fram med en kristen bekjennelse. Familie og kultur skaper rammer og barrierer. Innvanderne har forlatt både tryggheten og «overvåkingen» som kulturen skaper. Jeg har møtt mange innvandrere som har våget å ta imot et nytestamente

her, men som aldri hadde våget å gjøre det i sitt hjemland. I en ny kultur er det mange som åpner seg for nye impulser.

Til slutt vil jeg minne om at hvis vi tilbyr vårt vennskap til en fremmed, så er det verdifullt i seg selv. «Jeg var fremmed, og dere tok i mot meg», husker vi fra en av lignelsene til Jesus (Matt. 25,31-45). Vennskap og kjærlighet må ikke reduseres til et middel for å fortelle om Jesus, men det er et mål i seg selv.

Jeg går i en forsamling der det er kristne fra hele verden, og mange med muslimsk bakgrunn er døpt de siste årene. Misjon er Guds verk, og vi trenger ikke reise så langt for å delta. Få deg en venn fra et annet land og bli med i «pinsebevegelsen» du også!



Ingvald Ekeland

Trivsel i tenesta

Tittelen administrasjonsleiar kan fort gje assosiasjonar til at papirknitrande protokollføring og bibliotekaraktig bokholderi dominerer agendaen. Det står ikkje til å nekta at arbeidsdagen til Kjetil Halvorsen inneber ein del slike syslar. Men nokon reinspikka papirflyttar vert han aldri. Ut-av-kontoret-opplevelingane er mange og viktige om administrasjonsleia- ren ved Tryggheim skal trivast på jobben.

Det er mest nøyaktig på dagen to år sidan Kjetil Halvorsen starta i jobben på Tryggheim, litt overlappning om våren og frå hausten 2011 i full stilling. Han kom på mange måtar til sine eigne, men har i grunnen aldri vike så langt vekk frå organisasjonen som står han nærest.

- Eg er på mange måtar ein NLM-mann, fødd og oppvaksen med den organisasjonen, og har mange sterke band til han. Eg har bakgrunn frå fleire av NLM-skulane, og har stått med begge beina i dette arbeidet det meste av livet.

Barneskoa sleit han ut på Varhaug, og i oppveksten peila han seg inn på butikkrykket. Som eldstegut vart det lett å sjå føre seg ei framtid i familiebedrifta, men slik skulle det ikkje bli. Misjonærkallet var både uventa og heilt tydeleg, og då han møtte kona sto han alt med ein fot i alt det nye. Dei måtte berre «få gang» som det heiter på Jæren, og då jenta sa ja både til mannen og kallet hans, sette dei saman kurs for eit noko meir kupert terrem enn det som Varhaug har å by på. Til saman sju år i Peru



Kjetil Halvorsen er administrasjonsleiar på Tryggheim skular

er noko av det som verkeleg har sett spor.

- Livet i Peru er opplagt heilt annleis enn livet her heime, og det vert ei erfaring som set det meste andre i perspektiv, forklarer Kjetil, som også undrar seg over kor lett ein vender seg til det kontrastfylte.

- Ein kjem heim og tenkjer ein skal leva annleis, tenkja annleis om dette med tinga, pengane, alt jaget som ofte kan vera litt typisk norsk. Men, så går det nokre veker og så er det jo skremmande kor fort ein tilpassar seg rikdommen. Likevel, åra i Peru har gjeve han mykje viktig med på vegen.

- Det er eit privilegium å få vera misjonær, å få gå saman med menneske, dela trua, koma på innsida av ein annan kultur. Eg såg meg aldri som den typiske misjonæren, men kven er vel i grunnen det? Eg fekk dela evangeliet i Peru og er takknemleg for det.

Kjetil Halvorsen beskriv Peru som eit gjestfritt land, og eit land der ein vert rekna med. Sterkast fekk kanskje han og kona kjenna på dette då dei miste eit barn like før fødselen hausten 2000. Han reflekterer kring omsorga og forbøna som omslutta dei i møte med sorga. Dei opplevde å bli inkludert også om dei i utgangspunktet var framande. Ei slik erfaring skaper sterke band.

Nett i det eg formulerer ein forsiktig overgang til det meir kvardagslege ved å be han varta opp med sine topp tre peruaniske oppskrifter, finn eg ut at å bruka ordet husleg i klassisk forstand er ei overdriving når det gjeld adm.-leiaren. Han går så langt som å karakterisera seg sjølv som

ein dårleg mann, men då grip Tryggheim-helsings utsending inn og får han inn på betre tankar. Om han ikkje dukkar bordet med trerettars jamlegg, kan han likevel syta for å få maten innan ein viss gryteradius. Fisking er nemleg ein viktig hobby og avkopling for Kjetil, og trivselen når nye høgder når laksen bit. Han treng faktisk ikkje eingong bita. Det er nok å stå der ute elva og berre komma i kontakt med denne spenninga... han ser drøymande framfor seg, og ein merkar at det finst to typar friluftsfolk: dei som fiskar og dei som ser fiskestonga som ein reservedel til teltet. Kjetil er så ettertrykkeleg plassert i den første kategorien, der han med stor entusiasme deler planane om nye fiskeutflukter i nær framtid.

Men livet er ikkje berre avkopling og nærværkontakt med nærliggande elvebotnar; for to år sidan vart altså Tryggheim ny arbeidsstad. Beiteskiftet hadde fleire årsaker, men mest av alt verka stillinga spennande. Angra har han heller ikkje gjort, og må ty til det velkjende uttrykket at «ingen dag er lik», med ei forsikring om at det faktisk stemmer. Mens intervjuet pågår kan ein telja ei god handfull ivrige telefonar, ditto dørpåbankingar og attåt dette eitpar elevar som ramlar innom med opptil fleire ting på hjarta. Kjetil svarer, ordnar avtalar og tek ein telefon som må svarast på. Alt utan å mista tråden i det intervjuet handlar om, alt med same sinnsro. Stress er tydelegvis eit framandord?

- Eg stressar lite, ja. Eg tenkjer litt slik at ein får vera der ein er. Møta elevane der dei er og ha ei open dør, poengterer Kjetil, som





Administrasjonsleiar Halvorsen er ein glad laks

likar å koma seg ut av kontoret. Til dømes for å ta ein spansktine eller to.

- Eg har studert spansk ved sida av jobben for å få det formelle på plass. Eg underviser gjerne, det er gildt å ha den kontakten med elevane som klasserommet gjev. Det kjekke med å vera i denne jobben er å arbeida saman med så mange gode folk. Eg vart imponert over arbeidet her då eg kom for to år sidan. Eg opplevde Tryggheim som ein plass som gjev høve til å møta heile mennesket. Men å vera i klasserommet - det er mest nødvendig for meg, det er her ein møter elevane i sitt rette element, understrekar Kjetil, som undrar om han er vel positiv somme gonger. For det er klart at det er utfordringar òg i ein kvardag som mellom anna omfattar ansvar for eit stort internatområde med mange unge hovud som av og til prøver ut idear som helst skulle forblitt teori.

- Kjedelege saker vil det alltid vera, og det er viktig å finna ein god balanse der ein set tydelege grenser, samtidig som ein skal ivareta dialogen og den gode tonen med elevane. Men at det kan by på utfordringar til tider, er heilt klart. Å kombinera ei positiv grunnhaldning med tydelege grenser og konsekvensar er ei vinnaroppskrift, men å koka det saman på heilt rett vis kan gje hovudbry også for ein løysingsorientert varhaugsbu.

Kjetil er på ingen måte eit interjuobjekt som let stillheten svara for seg. Mellom tema som er oppe, er alt frå Martin Luthers lære, Manchester Uniteds meritter og ei førtiårskrise som ikkje er fullt ut realisert.

- Det er ein fin alder, så krisestemninga har ikkje sett inn, seier 44-åringen med eit tilbaketent smil, og her er det kanskje ei slags latinamerikansk livshalding som slår gjennom?

Inni gifтерingen har Kjetil og kona eit viktig vers. Kjetil kikkar i ringen og blar opp i Bibelen, Jesaja 53,6.

- Her ser me kor omfattande nåden er. Når Jesus tilgjev, står det ikkje noko att. Det er eit bodskap som gjev eit fundament for alt i livet mitt. Og Tryggheim er ein god stad å gje det vidare på, avsluttar Kjetil Halvorsen.

Sofie Braut

Pedagogisk jazzhjørne

Tekst: Knut Handeland

Nesten ingen menneske likar jazz. Det er forståeleg; planlaus og nerdete tafsing og subbing på instrument, utført av smått tiltakslause, ustelte, halvt skalla kvinner og menn med hestehale og midtlivskrise, kledd i noko katten fann i restavfallet. Dei liknar noko frå naturhistorisk museum som får lov å halde på i eit hjørne så lenge dei ikkje forstyrrar andre. Kjem dei på TV, ein plass dei av nemnde grunnar ikkje eignar seg, er det i så fall på NRK2 midt på natta med nynorsk teksting.

Denne innleiande skildringa har ein pedagogisk-terapeutisk verknad, ved at lesarane får sett ord på språklaus kunnskap som dei sjølve går og ber på. Å språkleggjere slik tau kunnskap er ei pedagogisk oppgåve. Slik sett har du nettopp vorte utsett for pedagogikk i praksis.

Denne praksisen kan vere manipulerande. Det har du og nett fått erfare, kan hende utan å merke det; det du eventuelt fekk bekrefte i innleiinga var ikkje kunnskapar som du sat inne med, men haldningar. Kva har vi lært så langt? Det er usikkert. Berre høg arbeidsmoral og mykje flaks kan hindre resten av denne teksten frå å verte omtala i same ordelag som folkta i innleiinga. Rammene for spalta er tilsynelatande like strukturlaus som musikken dei spelar. Tanken var å seie noko om pedagogikk utan å gjödsla keisemda, og sia du framleis heng med reknar eg ikkje med at du held det for umogleg.

Litt ålmenn folkeopplysing først: Pedagogikk er læra om oppseding og undervisning. Folkeopplysning slutt.


I pedagogikken swingar både mål og middel med kultur, livssyn og tid, stort sett eit knippe av normer, prinsipp og teknikkar går att, stundom i nye kombinasjonar. Ofte er rørsla blitt samanlikna med ein pendel, men fullt så føreseieleg er det nok ikkje. Meir som ei kule i eit Flipper-spel. Jazzå, du er så ung at du ikkje veit kva det er? Flipper er eit analogt tridimensjonalt spel som tok opp 30 % av bruksarealet på norske veg-kroer og kaféar på 70- og 80-talet. Ei kule vart skoten ut inne i spelet og fekk slag og spark så ho spratt ganske ukontrollert rundt der inne. Spelaren, som prøvde å halde kula i spel lengst mogleg, hadde kun høve til å trykke på to knottar. Knottane styrte noko som likna eit par halvferdige protesar laga av blinde hobby-ortopedar. Desse kunne daske borti kula, men var oftast altfor korte til å nå borti, så ho forsvann, og spelet var slutt. Pedagogik-

ken kan stundom likne på kula si ferd. Ei ny skulereform skyt ut frå den departementale katapulten. Beine vegen første strekket før ein ny ide endrar kulebanen. Det drys inn med ekstra tiltak, metodar, mål og gode forsett så overgangsballistikken er det som skildrar retningsendringane best. Læraren står der med dei pedagogiske protesane sine og forsøker å halde det heile i gang lengst mogleg. Det varer nokre år, så er det slutt. Etter ein terminalballistisk analyse puttar Stortinget på meir pengar og ut kjem fykande ei ny kule ganske lik den gamle. Og slik går no dagen.

Årshjul heiter eit nytt tiltak som har potensiale til å endre kulebanen. Det liknar ikkje på eit hjul, og namnet er overtydeleg på at det ikkje treng skiftast to gonger i året. Årshjul er ei slags tredje overgripande protese som skal ta kontroll over dei andre tiltaka og dulte borti dei jamt utover ettersom kalenderen skrid fram. Viss du kjenner til dokketeater så kan det samanliknast med handtaket som trådane er festa i. Manglar dette handtaket, får Pinocchio fort ukontrollerte spastiske rørsler. Årshjulet skal samle trådane, på ein måte. Det er ei skammeleg underdriving å seie at det er knytt store forventningar til kva dette nye supervåpenet kan gjere for pedagogikk og læringsresultat, men dei fleste som er vorte vane med å rulle rundt, erfarer at før eller sida hamnar ein på felgen likevel.

Skulefolk i alle fargar håpar no at det pedagogiske Flipper-tilværet og virringa tek slutt ein gong for alle; ein mann ved namn John Hattie har entra det pedagogiske sirkuset og kan ha skrelt den pedagogiske bananen for mange år framover. Opp av hatten drog han resultata frå undersøkingar av 80 millionar elevar. Resultata slår fast med stor tyngd kva som skal til for at mykje og god læring skal skje: Eigenvurdering, tilbakemelding, elev/lærer-relasjon, klare mål, god struktur, konsekvens i regelbruk er det som skal til – og det er i tillegg heilt gratis. Sjølvsagte ting alt saman seier du, men dette er altså det pedagogiske gullstøv som skal dekke skuleverket for at det innan kort tid skal stå fram som læringa sitt svar på El Dorado. Det er ingen grunn til å tvile på at dette er den rette vegen inn i utopien.

Dei aller fleste av oss kan utan problem klare å oppretthalde ein eller to av dei nemnde faktorane, men for å verkeleggjera alle samstundes trengs nokon som kan improvisera. Me veit kven som er gode på slikt. Dei er skildra i innleiinga.



Sirkus Tryggheim

Ein mannleg lærar er påført full sminke. To andre går rundt i kjole. På pauserommet sit læraren i matlaging som har farga håret raudt og høyrer på ein kar med bart som berre snakkar tysk og ein annan som skapar sakral stemning ved å messa alt det han skal seie.

Av Knut Reier Indrebø

Ja, det er utan tvil noko merkverdig som har skjedd med lærarstaben ved Tryggheim ungdomsskule denne torsdagen i mai. Bakgrunnen for alle desse ablegøyene er ungdomsskulen sitt misjonsløp, der elevane sjølv skulle skaffa sponsorar som betalte etter kor mange rundar elevane sprang. Lærarane hadde på si side laga «gulerøter» for elevane, der dei altså måtte utføra diverse meir eller mindre pinlege stunts etter kor mykje som vart samla inn.

Mellan anna stiller leiar Tron Arild Grødem opp, midt i matfriminuttet, for å snau av seg alt han har att av hår på hovudet, medan naturfagsekspert Ingvald Ekeland fjernar alt skjegget for første gong på minst 20 år.

- Dette var iskaldt, men eg gir alt for misjonsprosjektet, seier Ekeland, som er overraska over at han ikkje var bleikare under ansiktshåret.

Totalt vart det berre på misjonsløpet samla inn kring 120.000 kroner, som er kring det dobbelte av det som er samla inn tidlegare år. Dermed vert det også sett ny rekord for totalbeløp til misjonsprosjektet dette året: Over 250.000 kroner går til skuleprosjektet ved Jesus Maestro-skulen i Bolivia.

Sander Berentsen og Magnar Giljebrekke går begge i 8. klasse og synest det er heilt greitt at lærarane finn på litt tøys innimellom.

- Det er ein blanding av galskap og humor. For ein dag er det heilt OK, men det hadde ikkje gått om det vart for mykje, meiner dei.

Tryggheimhelsing prøvde også å få ein kommentar frå den elles alltid så snakkesalige Kjersti Skjæveland, men for første gong dette tiåret hadde ho ingenting å koma med.



Leiar Tron Arild Grødem får sommarklyppen av Markus Lervik.



Dei to damene Arne Kristian Helgøy og Knut Reier Indrebø (foto Hanne Øxseth)



Elevane fekk utfolda seg fritt med maleskri-net for å kle lærar Øystein Varhaug i full pryd.



Ingvald Ekeland i ferd med å mista noko av skjeggpryden.

Fersk veteran



Det var først då Sissel Halvorsen nærma seg 60-åra at ho kom på at ho ville bli lærar. Sidan har både ho og elevane på Tryggheim ungdomsskule vore glade for at det gjekk den vegen.

Av Knut Reier Indrebø

Fram til for tre år sidan brukte Sissel Halvorsen mykje av arbeidstida si på å hjelpe menneske i ulike kriser, på Livskrisehjelpen og Pårørendesenter for rus og psykiatri i Stavanger. Som psykiatrisk sjukepleiar hadde ho der mellom anna ein del undervisning på ungdomsskular og for konfirmantar om det å vera ungdom som pårørande.

- Eg har alltid vore oppteken av ungdom og ungdomsarbeid. Dette blei inspirasjonskjelda til mitt vidare arbeid på Tryggheim ungdomsskule kor eg kvar dag får møta flotte ungdomar på både gode og vanskelege dagar.

Utnyttar interesser og erfaringar

Då Sissel kjende på at ho trong ei forandring, var det altså ikkje berre tilfeldigheiter som gjorde at ho hamna på Tryggheim. Ho har trivst med å undervisa tidlegare også, og vart dessutan oppfordra av arbeidsgjevaren sin om å gjera endå meir av nettopp det. No er ho sosiallærar for niande trinn på Tryggheim, og får i tillegg utløp for hobbyane og interessene sine som faglærar i Kunst og handverk.

- Faget gir meg heilt unike stunder saman med elevane, der me saman finn fram til gode og flotte løysingar og idear som kan vera med på å gi den einskilde elev eit verkty i kvardagen. Eg får brukt erfaringane mine og det eg kan på svært mange måtar, og det blir mange samtalar kvar dag. Det er heilt fantastisk når elevane snur seg mot meg og seier «Du mor?» eller «Farmor?». Då har eg oppnådd noko viktig, seier Sissel.

Eit unikt arbeidsfellesskap

- Det er utruleg å oppleve korleis kollegene på Tryggheim ser kvarandre og inspirerer kvarandre i det daglege arbeidet. Eit unikt fellesskap som gir motivasjon i ein krevjande kvardag. Eg får dessutan oppgåver som ligg i mi gate, og opplever at eg

får mykje positive tilbakemeldingar på det eg gjer kvar dag både frå elevar og lærarar.

Også det kristne verdigrunnlaget for skulen er viktig.

- Det er godt å få arbeida i ein kristen samanheng. Det har styrka den kristne trua mi å vera tilsett her, seier Sissel.



Lesing i alle fag

Lesing er ein grunnleggjande og viktig dugleik. Tryggheim har gjennomført ei leseundersøking i tre vg 1-klassar i vår. Slo dei inn opne dører, eller fekk dei meiningsfulle svar til nytte i pedagogisk nybrotsarbeid? Vi har teke ein prat med dei som står bak arbeidet.

Av Bjørg Topnes

Anne Lise Hegelstad Flatebø, Ingbjørg Ueland Aass og Knut Handeland benkar seg på lærarrommet brennande klare til å fortelja.

- Dette har vore spanande og nyttig. Eg er imponert over kor mykje elevane våre les. «Helse og oppvekst»-elevane utmerker seg særleg. Dei er innom mange tekstopypar, byrjar Ingbjørg.
- Det er jo vanskeleg å bli sjokkert når vi ikkje har noko å samanlikna med, men vi fekk bekrefte nokre av fordommene våre, seier Knut og eksemplifiserer med dei velkjente oppsummeringsspørsmåla til kvart lærebokkapittel.
- Dei fleste synest at dei er rimeleg gode lesarar, men innrømmer glatt at dei ikkje les heile teksten, berre leitar etter det rette svaret og flytter ord for ord over i notata sine.
- Mange vil ha utbytte av å læra seg betre



Trekloveret Ingbjørg, Anne Lise og Knut er svært engasjerte i lesing.

strategiar for læring. Det er skilnad mellom å lesa og å læra, påpeikar Ingbjørg.

Leseundersøkinga handla altså mest om lærebøker og fagstoff.

– Vi ville også sjå korleis læreboktekstane blir brukte i timane, og skapa medvit om den tredelte måten å forholda seg til tekст på: førlesing, underveislesing og etterlesing. Eg ser gjerne denne metoden internalisert i elevane, seier Knut.

Ordtlfanget var også eit sentralt punkt i undersøkinga.

- Lærarane er nok vel optimistiske når det gjeld ordkunnskap og forutsetningar for å setja seg inn i nytt fagstoff, resonnerer Ingbjørg, og foreslår å arbeida med sentrale ord, knyta det nye stoffet til ting elevane kan frå før, og gå med dei inn i teksten. Då går resten av arbeidet som ein leik, meiner spesialpedagogen.



Trond og Silje Anett er nestleiar og leiar i elevrådet.

-Kjekt å retta på lærarane

Silje Anett Vestvik og Trond Brandal representerte elevrådet i gruppa som arbeidde med leseundersøkinga.

- Det var stort å bli spurta, og det gjorde elevrådsarbeidet meir seriøst, seier Trond.
- Elevrådsarbeidet kan fort bli litt overfladisk, men dette gjekk meir i djupna. Vi var med på møta, retta på språket i spørsmåla og passa på at orda var forståelege for tenåringar, fortel Silje Anett.
- Det er lettare for oss som er på same nivået. Vi synest at vi har bidrige kjempe-mykje, og det var så kjekt å bli inkludert og hørt. Undersøkinga hadde ikkje blitt den same utan oss, og vi trur vi klarte å luka vekk ein del som kunne blitt feil. Dessutan er det alltid kjekt å retta på lærarane, smiler ho.

- Det er litt godt å kjenna at ein har noko å seia, tilføyer Trond og nemner i same slengen at det er gildt å samarbeida med vaksne.

- Vi merkte oss kva vi ville svart, og tenkjer at dette skulle vi lært meir om tidlegare. Det er så viktig med studieteknikk. Silje Anett samanliknar med den gode vanen å gjera leksene rett etter skulen, før ein byrjar på andre ting.

- Slik burde også gode lesevanar bli ein naturleg del av oss. Eg håpar verkeleg det blir tatt nokre tak. God leseteknikk er viktig i alle fag, og no når eg står på slutten av vg3, angrar eg litt på alt det eg ikkje gjorde.

- Vi ser at dette trengst og dermed var det lett å engasjera seg, avsluttar dei to.



Eit lite utsnitt av resultatet.

Anne Lise nemner at det også er gjort ei liknande undersøking blant lærarane. To tredelar seier at dei aktiviserer forkunnskapane hos elevane av og til. Målet må vera at alle lærarar gjer det alltid.

- Vi må også minna kvarandre på at lesing ikkje berre gjeld norskfaget, men alle fag, seier Anne Lise.
- I vinter har fleire lærarar delteke på kurset «Vidaregående lesing» ved NLA, og fått auka medvit og kunnskap på fagfeltet. Vi satsar på kunnskapsdeling og læringsøkter også for lærarane framover, held ho fram.
- Så har vi veldig lyst til å setja i gang leseprosjekt, både skjønnlitteratur og sakprosa. Vi vil tenkja på og arbeida med lesing på alle plan, til både hygge og nytte.

Å lesa og ikkje forstå,
å fria og ikkje få,
å sigla med ingen vind,
er tri gagnlause ting.

Ivar Aasen

Tryggheimelevar i informatikkolympiaden



Asbjørn Apeland og Terje Haga Stavnem går i 2STB ved Tryggheim vidaregåande skule. Begge er interesserte i data. I år har dei delteke i tevlinga Norsk informatikkolympiade. Dette er ein open konkurranse for elevar i den vidaregåande skulen. Alle som er under 20 år og ikkje har byrja på universitet eller høgskular, kan delta. Fyrste runde vert arrangert på skulane. Dei 100 beste gjekk vidare til 2. runde og fekk eit stykke uti januar eit sett heimeoppgåver dei skulle løysa på ei veke.

- Det var nokså innvikla matematiske oppgåver. I ei av dei skulle me finna ut korleis me med færrest moglege kommandoar kunne flytta ein robot frå eit punkt til eit anna på eit kart.

- Korleis vart de interesserte i data og lærte så mykje om det? Terje grip ordet først:
- Eg byrja med å laga banar eller modifikasjonar på eit spel med namnet Warcraft 3. Så gjekk eg vidare frå det til meir avanserte ting og prøvde meg fram med mykje øving.

- Det fascinerte meg tidleg korleis ein på dataen hadde uendleig med moglegheiter, seier Asbjørn, det fanst ikkje grenser. Ein kunne velja absolutt alt sjølv, og dette oppslukte meg. Eg hadde ein stor trong til å utforska dette. Og eg utforskar enno. Dei 25 beste frå 2. runde vart inviterte til den norske finalen på instituttet for informatikk ved Universitetet i Bergen. Terje og Asbjørn var nummer 16 og 18 etter arbeidet i januar og fekk begge vera med. Her hadde dei fem timer til å løysa fire oppgåver. Desse var ein god del vanskelege enn dei elevane møtte i 2. runden.

- I tillegg til å få konkurrera mot data-



Asbjørn Apeland



Terje Haga Stavnem

interesserte frå heile landet møtte me i Bergen fleire av dei beste algoritmeutviklarane i Noreg, fortel Asbjørn. For han stoppa eventyret her i denne omgang. Men Terje vart nummer fem i Bergen og reiste saman med fem andre til Rostock i Tyskland for å delta i den baltiske finalen 9. – 13. april. Her møtte dei konkurrentar frå alle landa i Skandinavia og rundt Austersjøen. Dei konkurrerte i to omgangar på fem timer kvar. Reiseleieren, som tidlegare hadde vorte nummer to i den internasjonale finalen, meinte nivået var høgare her enn det hadde vore då han konkurrerte i internasjonale finalen. Terje har aldri fortalt kva plassering han fekk, men røper at ein svenske stakk av med sigeren, og at ingen av dei norske gjorde det særlig godt. I alle høve var det ei oppleveling, og ein femteplass i Noreg er ikkje å forakta.

Ingvar Fløysvik

Pengegaloppen



Gray Man tar heilt av, men Silje held bakkekontakten



Silje Jessen-fakta

Alder: 19

Mankehøgde: 170 cm

Habitat: Varhaug

Eigar: Nei, fri. Villhest

Plan: Verte sjukepleiar

Tekst: Knut Handeland

Bilde: Rune Eikeland/Eivind Svensen

Silje Jessen går i passgang mot eksamen etter eit år på Påbygg. Ho blir ikkje tverr som ei merr av å ofre ein norsktime på å snakke om hobbyen sin. I valet mellom hest og kolera vel Silje hest. Dei fleste av oss vél bort båe. Sjølv tar eg gjerne litt Cola, for gamal visdom seier at å drive med hest ikkje er den raskaste vegen til konkurs, men den sikraste. Brått vert me ståande med hovskjegget i stigbøylen viss me trur at den myten er heile sanninga, for Silje og kaldbloodstravaen Gray Man kan med god grunn kneggje heile vegen til banken. Ho og hesten travar nemleg inn pengar vekkestøtt. Det er ei kjent sak at hestefolk har sitt eige språk, så for å få innblikk i denne for oss framande kulturen og riste ut løynde skattar, nyttar eg litt av stamnespråket i intervjuet. Sjå ordforklaringsane ved behov.

- Korleis hamna du borti Equus ferus?

- Eg begynte på rideskulen i 5. klasse, foreldra spurte om eg hadde lyst. Så spurde eg og ei venninne Ingve Dubland fint om me kunne ri ein kaldbloodstravar han hadde på stallen. Det fekk me lov til. Ei tid etter kjøpte han ponnien Backersdal's Schott som eg trente og kjørte løp med i 3-4 år. Så kjøpte eg kaldbloodstravaren Gray Man i lag med Ingve Dubland.

Grayman er no 7 år gammal. Me har fora og trent han godt, fått på han mykje musklar. Frå å vere nærmast ein vrakskrott når me kjøpte han, er det i dag ein vinnarhest i travløp.

Eg har tatt lisens for å kjøre store løp, eg ville ha ein hest så eg kunne nytte lisensen – og kome på banen, som det heiter. Sidan eg ikkje hadde bakgrunn frå hestemiljø, var det vanskelegare å kome seg ut i løpsbanen.

- Har du hatt slake taumar på heimebane?

Ja, foreldra mine stilte to krav: Eg måtte betale for det sjølv, og eg måtte kunne stå i stallen til Yngve. Det har vore eit svært godt samarbeid. Hester kosta 10.000 kontant. Viss hesten spring inn over kr. 100.000, skal tidligare eigar ha 10.000 til. Ei grei ordning. Til nå har han totalt sprunge inn nesten 350.000,-

Normalt er veterinærutgiftene ein stor utgiftspost, men Gray Man har halde seg frisk, heldigvis.

Me har ein fast kusk, og ein reserve, og så har eg kjørt nokre løp sjølv. Når hesten passerer kr. 500.000 i inntening, kjem han opp i eliteklassen, men det veit me jo ikkje om han gjer. Han kan døy i morgen.

- Kor ofte må dei på EU-kontroll?

Det er når det trengs. Han er flink til å seie ifrå. Viss han ikkje byr seg fram i løp, eller han går i ureint trav, då er det eit signal om at han treng sørvis. Han får olje(!), kosttilskot og mykje mat i kombinasjon med god restitusjon og arbeid.

Ordforklaringsane:

Balletramp: Når hesten trør på forhovens ball med bakhoven

Mule: Den hårlause delen av hesten si overlippe

Hovskjegg: Lange hår rundt koden (ankelen)

Laushopping: Sprangtrening utan ryttar

Equus ferus: Latinsk fellesnemning på hest

- Så han må vaske og rydde rommet sitt som andre?

- Han må dra sulky, stå i boksen og få gå på beite.

- Ser du på deg sjølv som ei fullblods hestejente, eller er dette no berre blitt ein måte å sko seg på økonomisk?

- Alt eg tener på hesten går inn på sparekonto, han fungerer som ei avkopling, ein god hobby som gjer at eg klarar å gjøre det arbeidet eg skal på skulen.

- Kvifor er hestar spesielt glad i tenåringsjenster, det er jo ein periode då dei fleste andre vesen gjer lurt i å halde seg litt på avstand?

- Mange jenter er omsorgspersonar, seier ho, utan å forstrekke ei grime. Jenter liker å dulle og dille med hestane, noko hestane set stor pris på. Dei fleste mannsfolk gidd ikkje å halde på med slikt. Det seiest at bak ein kvar suksessfull travtrenar står det minst ti ungjenter og stryk og striglar (på hestane!). Det hender stundom hesten sovnar når eg steller han, spesielt når halen vert strigla. Du kan sjå det på at underlippa fell ned.

- Har du hov-mot til å satse på hest som levevei?

- Nei, hest ville eg ikkje hatt som jobb. Det betyr oftast inga fast løn og mykje arbeid, så det blir for usikkert. Eg vil ha det som hobby attmed anna arbeid.

- Går det greitt å kombinere all travvinga med skulegang, eller vert det nokre balletramp innimellom?

- Hest og skule vippar mellom pallplass 1; eg går i stallen etter skulen for å kople av. Då får eg overskot til skulearbeid seinare på kvelden.

- Heng du med mulen når folk tullar med at hest er best på maten, midt mellomosten og salaten?

- Nei, me et jo hest alle saman, om me veit om det eller ikkje, men så lenge det ikkje er min hest bryr eg meg ikkje om det. Det er livets gang – frå jord til bord.

- Får du tid til laushopping sjølv, eller tek den firbeinte all ledig fritid?

- Jadå, eg får tid til det eg har lyst til. Eg er óg avløysar i fjos, og i helgene får eg tid til andre ting, eg får drive på med det eg likar og samstundes tene pengar på hobbyen, seier Silje i det ho rir inn i solnedgangen.

Tryggheimkalender

Juni

Fre. 14. Avslutningsfest

August

Lør. 10. – sørn. 11. Elevstevne
Lør. 17. Skolestart og åpningsfest

September

19.-28. Skoletur for VG2-elevene til Berlin-Krakow-Praha eller Israel

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:
Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Ingvar Fløysvik
Knut Handeland
Bjørg Topnes
e-postadresse: post@tryggheim.no
Kasserer: Aud Bodil Voll
Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626
Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)



Vissste du at...



Anne Sunde (AF 04-06 og nå lærer på U-skolen) og **Ingebret Risa** (EL/PB 03-06) giftet seg 23. mars

Kjartan Håland - redaktør i Tryggheimhelsing - ble far til Matheo 22. januar

På Tryggheim videregående skole fullfører og består nesten 92% av elevene skolegangen, mens det på landsbasis bare er 71,6%.

Vi gratulerer!

Dersom dere kjerner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss melding om det. Send en e-post til aanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Tips oss!

Program for elevstevnet 2013

Lørdag 10. august

Kl. 15:30 Kaffe
Kl. 17:30 Minikonsert med Red River
Kl. 18:00 Festkveld

Søndag 11. august

Kl. 11:00 møte
Alle er velkomne!

Tryggheimsruss på russeturné

Tekst: Kjellaug Wold

Foto: Anette Åkernes Bach

19. april fordele omtrent 20 sangglade russ seg i en minibuss og to biler, og satte snuten mot Kvitsund. Stemninga var på topp, og det var mye sang, sprell og snakking den første halvtimen. Det ble etterfulgt av snorking de resterende fem timene. Russekoret på Tryggheim har som tradisjon å reise på turné til de forskjellige skolene som NLM har.

Første stopp ble Kvitsund, hvor russen sang på kaffebaren, som er en samleplass for elevene på Kvitsund. Vi fikk bli kjent med russen og de andre elevene der, og hadde en koselig kveld.

Lørdag morgen, etter en god frokost på Kvitsund, dro vi vestover igjen, til KVS Lyngdal. Her ble vi servert kveldsmat og fikk låne dusjene før det bar bort til Frikirken i sentrum. Der sang vi på ungdomsmøtet, hvor mange av deltakerne var elever fra KVS Lyngdal. Etter møtet kunne vi gå ned i kjelleren, hvor det ble solgt mat og vi kunne prate med ungdommene som gikk i Frikirken. Det var gøy å bli kjent med jevnaldrende ungdommer som vi kunne prate om alt mulig med. Russen ble enig om å reise hjem om kvelden istedenfor å sove over i Lyngdal, ettersom det ikke var så langt hjem.



En matpause må til mellom strekningene.

Tusen takk for en fin russeturné med deler av russen, og ikke minst takk til sjåfør Gunnar Ånestad som holdt ut med oss ungdommer og fikk oss trygt hjem! Selv om de fleste timene ble tilbrakt i bil, sitter vi igjen med gode minner. Gode pauser underveis i strålende vær, og et utrolig bra samhold. Koret ble mer samkjørt og det var kjekt å syng i lag. Vi fikk muligheten til å reise på tur med gode venner, syng om Jesus og ha det gøy. Nye venner fikk vi på reisen, og jeg tror vi er enige om at det var en strålende start på russetiden.



Humøret var på topp hos russejentene.

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærø

Sommerferieplaner!



Øystein Eiane, 3ST (russ):

- *Hva skal du gjøre i sommer?*

- Først skal jeg ha eksamen, og siden mine eksamener kommer forholdsvis tidlig, så får jeg flere fridager før skolen slutter. Det blir som en liten mini-ferie!

I sommerferien skal jeg jobbe, og så skal jeg på UL, og kanskje på Arena. Jeg liker veldig godt å reise på sommerleir!

- *Er det noe du gleder deg spesielt til i ferien?*

- At den skal begynne!



Fem jenter i 1STa – Maren Bore, Solveig Jonsbråten, Marthe Ueland, Johanna Lende og Mary Ueland

- *Hva skal dere gjøre i sommer?*

- Maren: Jeg skal til Spania i to uker. Så skal jeg besøke noen på Sørlandet, og så skal jeg på UL.

- Solveig: Jeg skal til Italia, der har familien min og noen andre familier vi kjenner leid hus. Så skal jeg besøke en venninne i Telemark, og så skal vi til hytta på Sørlandet.

- Marthe: Jeg skal til Brasil i tre uker sammen med familien min og noen venner av familien. Så skal jeg jobbe på Ogna camping.

- Johanna: Jeg skal på musikkfestivaler på Sørlandet og på camping på Åpta. Ellers skal jeg jobbe som avløser.

- Mary: Jeg skal på hyttetur i Lyngdal, på Skjærgårds og på UL. Jeg skal også jobbe som avløser.

- *Hva er det dere gleder dere mest til i ferien?*

- Maren: Mest til sol og varme og bading i Spania.

- Solveig: Mest til å besøke venninnen min i Telemark

- Marthe: Sol og varme i Brasil!

- Johanna: Bare til å ha ferie, sol, sene kvelder, ...

- Mary: Skjærgårds!



Kjetil Muren, lærer i samfunnsfag og kristendom

- *Hva skal du gjøre i sommer?*

- Være i Tanzania og Kenya i fire veker! Vi har vore i Tanzania som misjonærar for NLM i sju år. No skal vi tilbake og besøke vene og sjå korleis det har gått med arbeidet vi var med i.

- *Hva gleder du deg mest til i ferien?*

- Å kjenne på varme, vennskap, gjestfreiheit, humor, sjå at arbeidet vi starta opp har gått langt betre enn vi våga å håpe på, høyre lovsongen i kyrkjene, møte dei som har betalt ein høg pris for å følgje Jesus, få ein forsmak på himmelen. Så er det flott å få meir tid saman med familien, og å få tina opp den frosne skrotten min før hausten kjem igjen.

Geir Tjeltveit, lærer i naturfag og biologi

- *Hva skal du gjøre i sommer?*

- Vi skal reise vekk i fire uker, har ikke helt oversikten, men det har kona. Jeg vet i alle fall at det blir i Norge og Sverige. Så skal jeg en uke på fisketur med kamerater på Hardangervidda. Der har jeg full kontroll. I august skal jeg fiske laks. Og så skal jeg til Ryfylke.

- *Hva gleder du deg mest til?*

- Fiskingen!

På gardane var og er sommaren ei travel tid. Før måtte det meste gjera med handemakt eller hestestyrke, no kan traktoren ta seg av mykje. Men framleis må graset inn og gjødsla ut. Den som har omsut for sauene sine, må ofte til fjells og sjå om dei. Og driv du med tomatar eller salat, skal dei plukkast, pakkast og sendast i rett tid. For mange er sommaren likevel fyrt og fremst ferietida. Kan henda har du ei bok eller fleire liggjande, som du ikkje fekk tid å ta gjennom arbeidsåret. Kanskje skal du på reis i inn- eller utland. For somme lokkar sjøen og strendene, for andre fjell og vider. Kanskje skal du på bibel-camping same staden du har vore dei siste fem, ti, femten åra? Elevane har gjort unna eit nytt skuleår. Det kjennest sikkert godt. Nokre av dei seier samtidig farvel til oss her på Tryggheim og skal vidare i lære eller til universitet og høgskular. Dei får no eit par månader der dei kan glede og grua seg til det som møter. Asaf, ein annan hebrear, ordla seg slik: «Men Gud, min konge frå gammal tid, du som gjer frelsesverk på jorda, ... Du fastsette alle grenser på jorda, sommar og vinter er det du som har skapt.» (Salme 74) Skaparen er konge og frelsar gjennom alle årstider. God sommar!

SOMMARTANKAR

«Mi livssaft svann som i heten om sommaren,» skrev kong David. Han var ingen nordmann. I Noreg er sommaren god. Det er sjeldan gloheit, oftare to-tre grader i underkant, og sol og væte bytest på så graset gror, blåklokken blomrer og lamma legg på seg. Sommaren er mindre dramatisk enn dei andre årstidene. Han er, på eit vis, det som våren vart, fram til hausten hentar han. Men dei lange kveldane og lyse sommarnattene, som Aslaug Laastad Lygre har lært oss at me ikkje skal sova bort, har gjeve opphav til mange romantiske sommarminne, som har fått nedslag både i lyrikk og prosaforteljingar.

Ingvar Fløysvik